

**NORDDAL KOMMUNE**

**Delegeringsreglement**


**Revisjon 2011**

# INNHALD

	Side
1.0 Innleiing, bakgrunn	3
2.0 Generelt grunnlag og delegeringsprinsipp	3
3.0 Prinsipper	4
4.0 Kommunestyret sitt saksområde	6
5.0 Formannskapet sitt saksområde	8
6.0 Ordføreren sitt saksområde	11
7.0 Rådmannen sitt saksområde	12
Vedlegg:	
Lovpålagt handsaming	20
Økonomireglement og delegasjonsmynde i budsjettsaker	23

## 1.0 Innleiing, bakgrunn

Styringsmodell i Norddal kommune frå og med valperioden 2011 – 2015 består av kommunestyret, formannskap, og lovpålagde nemnder, styre råd og utval.



## 2.0 Generelt grunnlag og delegeringsprinsipp

### 2.1 Kommunalt mynde, hovudprinsipp for delegasjon

Etter kommunelova av 1992 er all mynde lagt til kommunestyret, mynde som tidlegare i særlov låg til einssilde utval eller til administrasjonen vart tilpassa dette prinsippet. kommunestyret kan delegere mynde til andre politiske organ eller til rådmannen, med mindre det er lovbestemt at mynde ikkje kan delegerast.

### 2.2 Målsetjing

Delegasjon av mynde er å gjere arbeidsformer og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Delegasjon frå kommunestyret til politiske organ gjev politikarane meir tid til å drøfte prinsipielle saker, vedta planar og retningslinjer. Ved å delegere mynde til administrasjonen til å ta avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn /regelverk eller frå kommunen sine eigne planvedtak eller retningslinjer, oppnå ein fylgjande effekt:

- Politisk organ får nytta meir tid til prinsipp saker og utviklingssaker/plansaker.
- Betre administrative ressursar for tilrettelegging av prinsipp saker, skjønnsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.
- Utnytte meir av ressursane til tenesteproduksjon.

### 2.3 Delegasjon – tilbakemeldingsrutinar

Delegasjonsvedtak skal leggjast fram for k-styret/formannskap som melding.

## **3.0 Prinsipper**

### **3.1 Politisk nivå**

Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28. Er formannskapet underutval i ei klagesak vil kommunestyret tre inn som klagenemnd.

### **3.2 Intensjonar ved delegering av mynde frå kommunestyret til politiske organ/rådmannen.**

#### **3.2.1 Definisjonar**

Organ:

- Eit organ er definert som kommunestyret, formannskap, komité eller rådmannen.

Delegering:

- Overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffe avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegne av det delegerande organet. Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gjev frå seg mynde eller ansvar på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake den mynde som er delegert. Norddal kommune er ein fleksibel organisasjon, der mynde og arbeidsoppgåver vil endrast over tid. Bruk av delegert mynde føreset legal delegasjonsfullmakt, det vil seie at overordna organ har mynde til å delegere.

Kurante saker:

- Avgjerder som er fagleg prega og følgjer lov, føresegn/regelverk og kommunen sin eigne plan- og retningslinevedtak, og ut frå dette har liten grad av skjønn, vert rekna som kurante saker. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for den planlagt aktiviteten.

Prinsipiell sak:

- Avgjerd som krev ei breiare skjønnsmessig vurdering.
- Avgjerd der det er politiske vurderingar eller prioriteringar.
- Avgjerd der ein innleier ein ny praksis.
- Avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant skal rådmannen avklare dette med ordførar. Ordføraren kan fastsete saksgangen for prinsipielle saker. Dei avklaringar som vert gjort, utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

### **3.2.2 Generelle reglar for bruk av delegert mynde**

#### **a. Retningslinjer for bruk av delegert mynde**

Alt delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjevne av det overordna/delegerande organ, herunder dei økonomiske rammene som er vedtekne for verksemda.

#### **b. Delegering av mynde til administrasjonen**

All delegering av mynde til administrasjonen frå eit folkevald organ skal skje til rådmannen, jfr. kommunelova §§ 23 nr. 4 og 24 nr. 1. Dette skal leggest til grunn med mindre noko anna konkret er sagt i den lov eller forskrift som delegeringa skjer i medhald av.

#### **c. Vidare-/subdelegering av delegert mynde**

Alt delegert mynde til folkevalde organ og til administrasjonen (rådmannen) kan vidaredelegerast til underutval m.m. og andre tilsette (under rådmannen) med mindre lov, forskrift eller kommunalt delegeringsvedtak er til hinder for det.

#### **d. Tilbakekalling av delegert mynde i enkeltsaker**

Det delegerande/ eit overordna organ kan når som helst krevje å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som eit underordna organ og/eller administrasjonen har til handsaming i medhald til delegert mynde. Tilsvarande rett har rådmannen vedk. saker han har vidaredelegert til andre i administrasjonen.

#### **e. Rett til å unnlate å gjere bruk av delegert mynde**

Det organ/ den tilsette som har fått delegert/ vidaredelegert mynde, kan i heilt spesielle saker overlata til eit overordna organ/rådmannen å gjere vedtak i saka. Dette må likevel ikkje skje så ofte/ på ein slik måte at intensjonane i delegeringsvedtak/-reglement vert undergrave.

#### **f. Omgjeringsrett**

Det delegerande/ eit overordna organ kan av eige tiltak omgjere eit vedtak gjort av eit underordna organ/ administrasjonen iht. delegert mynde når vilkåra for dette ligg føre/ er oppfylte etter forvaltningslova § 35 - uavhengig av om dette dreier seg om enkeltvedtak etter forvaltningslova eller ikkje. Tilsvarande rett har rådmannen for vedtak gjort i samsvar med vidaredelegert mynde til andre i administrasjonen.

#### **g. Mindretalsanke**

Dersom særlov ikkje er til hinder for det, kan eitt eller fleire medlemmer i eit styre/ nemnd anke eit vedtak til overordna instans. Tilsvarande rett har også ordføraren og rådmannen. Anken må fremjast i møtet.

#### **h. Rapportering**

Vedtak i underutval skal refererast i vedkommande politiske organ saka sorterer under i første etterfølgjande møte. Administrative vedtak etter delegert mynde skal refererast i vedkommande politiske/ administrative organ saka sorterer under i første etterfølgjande møte. Status for økonomi- og tenesteproduksjon skal rapporterast til formannskap og kommunestyret etter den standard som kommunestyret fastset.

#### **i. Andre tilhøve**

Reglane i dei særskilde delegeringsreglementa gjeld i alle tilfelle før reglane i dette reglementet dersom dei ikkje samsvarer.

## 4.0 Kommunestyret sitt saksområde

### 4.1 Innleiing

Kommunestyret er det øvste avgjerande organ med overordna ansvar for den samla verksemda til kommunen. Dette delegeringsreglementet fastset plasseringa av ansvar og mynde i organisasjonen. All delegering skal skje innanfor punkt 3.2.2.

Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så lenge ikkje noko anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak, jfr. kommunelova § 6.

### 4.2.1 Ikkje lovfesta saker, men saker som ut frå prinsipielt innhald og/eller omfang skal handsamast av kommunestyret:

1. Kommuneloven (2009-06-19-91)  
Vedtak om låneopptak (§ 50), vedtak om å gje garanti (§ 51).  
Gje mynde til formannskapet om vedtak i hastesaker (§13)  
Gje mynde til formannskapet om oppretting/ nedlegging av stillingar (§ 24)
2. Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter (1974-05-31-17)  
Vedta forskrift om storleiken på avgiftene, samt nærare reglar for gjennomføring av avgiftsvedtak og innkrevjing av avgifta (§ 2).
3. Forurensingslova (1981-03-13-6),  
Fastsetje kommunalt gebyr for innsamling, mottak, oppbevaring og handsaming av avfall (§25, § 34).  
Forskrift om begrensning av forurensing (01.01.2001) fastsette forskrift om gebyr for egen behandling av eksisterande løyver og påslippsvedtak (§11-4).  
Fastsetjing av lokale føresegn, fatte einskildvedtak i søknad om for utslepp (§12-6)
4. Matrikkellova (2005-06-17-101)  
Fastsetje gebyr for oppmålingsforretning, matrikkelføring, utferding av matrikkelbrev og anna arbeid etter lova (§32)
5. Serveringslova (1997-06-13-55)  
Fastsette reglement for opningstider til serveringsstadar (§15)
6. Havnelova (2009-04-17-19)  
Forvaltningsansvar og mynde etter denne loven innanfor området der kommunen har planmynde etter plan- og bygningslova (§9).  
Fastsette reglement for hamneavgift (§25).
7. Vedtak om nye tiltak, eller vesentleg utviding av igangverande/eldre tiltak.  
Vedtak om nedlegging eller vesentleg reduksjon av eit tiltak. Dette punktet gjeld tiltak både innanfor drifts- og kapitalbudsjettet.
8. Prinsipielle vedtak om kjøp, sal, makeskifte eller pantsetjing av fast eigedom.
9. Langsiktige avtalar av prinsipiell art
10. Vedta den politiske strukturen og hovudlinene i den administrative

11. Vedta reglement for kommunestyret sin møteorden
12. Handsame saker som ordføreren eller eit fleirtal av medlemene i kommunestyret sjølv avgjer.

#### **4.2.2 Saker vedk. Arbeidsgjevarfunksjonen:**

1. Overordna arbeidsgjevarpolitikk
2. Personalpolitiske mål og retningsliner
3. Handlingsplan for arbeidsmiljøtiltak
4. Total stillingsramme for kommunen

#### **4.2.3 Anna:**

- 1 Vedta normalreglement for kommunen sitt beredskapsarbeid i forhold til organisering, ansvarsfordeling og mynde for dette arbeidet i kommunen.
- 2 Klagesaker etter særlov der kommunestyret sjølv er lovfesta organ
- 3 Ankesaker frå Formannskapet.  
( Minimum 3 representantar frå utvala kan krevje å få ei sak realitetshandsama av kommunestyret).
- 4 Delegering av mynde til Nordre Sunnmøre Kemnerkontor  
Norrdal kommunes oppgåver gitt gjennom Skatteoppkrevjarinstruksen er delegert til Nordre Sunnmøre Kemnerkontor etter KS sak 044/09.

**Saker/saksområde som kommunestyret sjølv skal avgjere, ligg i vedlegg 1.**

## 5.0 Formannskapet sitt saksområde

### 5.1 Innleiing

Formannskapet har innstillingsrett i alle saker, med unntak av saker frå eigedomsselskapet som skal til kommunestyret. Formannskapet kan fatte vedtak i saker der kommunestyret enten har delegert mynde til utvalet eller har mynde gjennom lov og forskrifter.

Formannskapet er og næringsstyre/fondsstyre, fast utval for plansaker, likestillingsutval, kommunikasjons-/trafikknemnd, skatteutval, forhandlingsutval for forhandling av rådmannen og rådmannsteamet si løn, klagenemnd for enkeltvedtak. Formannskapet er utgreiingsorgan i dei saker der myndet til å gjere vedtak ligg til kommunestyret, herunder handsaming av avtaler om kjøp av fast eigedom og andre saker med økonomisk betydning jf Økonomireglementet (vedlegg 2). Formannskapet sitt mynde i budsjettsaker går også fram av økonomireglementet.

### 5.2 Saker og saksområde

#### 5.2.1 Saker i medhald av plan- og bygningslova (2008-06-27-71)

Formannskapet er kommunens faste utval for plansaker.

- § 11-3 Vedta mindre endringar i planprogrammet
- § 12-12 Vedta mindre reguleringsplanar i samsvar med kommunelovens regler når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanens arealdel, og det er mindre enn fire år sidan den ble vedtatt av kommunestyret.
- §12-14 Vedta mindre endringar i reguleringsplan, eller til å vedta utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen. Små endringar kan delegerast til administrasjonen. Før vedtak treffes, skal saken framleggast for rette myndigheiter, og eigarane/ festarane av eigendomar som blir direkte berørt av vedtaket, skal gis anledning til å uttale seg.
- §11-11 I samsvar med lokalt vedtatt vedtekter, gi dispensasjonar i 100-metersbeltet frå sjøen
- § 12-4 Mindre endringar av reguleringsplan.
- § 12-11 Avgjøre om private forslag til reguleringsplan skal fremmast ved å sende ut på høyring.
- §13-1 Dispensasjonsmynde for å tillate bygging i bandlagde byggeområde før reguleringsplan foreligg.
- § 13 Midlertidig forbod mot tiltak.
- § 14 Ansvarlig myndigheit etter §14 om konsekvensutredningar i den grad dette er delegert til kommunen.

Klagehandsaming i saker avgjort av det faste utvalet for plansaker.

#### 5.2.2 Andre lover

1. Lov om den norske stats husbank (2009-05-29-30)
2. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (1967-02-10)
3. Særskilt klagenemnd i samsvar med § 28, i forvaltningsloven (1967-02-10).

4. Behandle A-rundskriv frå KS som omhandlar hovudtariffavtalen og som krev vedtak
5. Økonomisaker:  
Saker som ikkje ligger innanfor andre utvals handlingsrammer eller som kommunestyret sjølv skal avgjøre, jfr. økonomireglementet.  
  
Budsjettmynde innan drifts og kapitalbudsjettet i det omfang sentrale forskrifter tillèt.
6. Konesjonsloven (2003-11-28-98)  
Vedtak i saker som er innanfor konesjonslova.
7. Jordlova (1995-05-12-23) fatte vedtak i:  
Saker vedrørende driveplikt (§ 8)  
Saker vedrørende omdisponering av areal (§8)  
Saker vedrørende deling (§12)

### **5.2.3 Andre saker**

1. Vedta pris og andre avtalevilkår i saker der kommunestyret har vedteke å erverve, avhende, makeskifte eller pantsetje fast eigedom eller rett /krav i fast eigedom og verdien ikkje overstig kr 1 000 000,-, eller det beløpet som er avsett i årsbudsjettet til vedkomande tiltak. Jamfør forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar (2001-02-02-11) §5 der maksimumsbeløpet for pantsetjing av andre si gjeld er satt til kr 500 000,-.
2. Erverve, avhende, makeskifte eller feste bort eigedom eller rett/krav i eigedom så langt det er nødvendig for å iverksetje eller gjennomføre vedtak kommunestyret har gjort, og verdien ikkje overstig kr 1 000 000,- eller det beløpet som er avsett i årsbudsjettet til vedk. tiltak.

Rådmannen forhandlar i alle saker vedrørende, erverv, avhending, makeskifte med vidare av fast eigedom, og gir innstilling til formannskapet.

### **5.2.4 Fråsegn på vegne av kommunen**

Formannskapet gjer fråsegn på vegne av kommunen i saker av overordna/ generell karakter frå sentralt hald (stat, fylke med vidare.) med unntak av prinsipielle saker vedkomande kommunestruktur/-økonomi, veg-, trafikk- og kommunikasjonsmønster, fylkesplanar og andre planar av overordna regional/ sentral karakter med vidare, som kommunestyret skal gje fråsegn om.

## **5.3 Underutval/ nemnd/styre**

### **5.3.1 Partsamansett utval**

Arbeidsgjevar sine representantar samt leiar og nestleiar i utvalet skal veljast av kommunestyret. Tilsette i Norddal kommune kan ikkje veljast som representantar for arbeidsgjevar.

### **Ansvars-/saksområde**

Hovudansvaret for alle personalsaker innanfor heile kommunen si verksemd for å sikre sin heilskaplege arbeidsgjevar- og personalpolitikk.

Gjere vedtak i personalsaker som er prinsipielle og dermed ikkje kan avgjerast administrativt, og som kommunestyret ikkje sjølv skal avgjere, eller har delegert til formannskapet

Gje eventuelle retningsliner for utøving av delegert mynde i personalsaker til administrasjonen.

Utvalet er ankeinstans for administrative vedtak i personalsaker.

### **5.3.2 Klientutval**

Vedtak/gjeremål som barnevernstenesta i medhald av barnevernslova m/ev. forskrifter skal utføre, og som ikkje er tillagt leiaren for barnevernstenesta – er delegert til administrasjonen.

Vedtak/gjeremål vedrørende enkeltklientar etter lov om sosialtenester og ev. andre lover og forskrifter innanfor utvalet sitt ansvarsområde.

Klager på enkeltvedtak i klientsaker gjort av administrasjonen i medhald av lov om sosiale tenester, lov om helsetenesta og andre lover og forskrifter med vidare. innanfor utvalet sitt saks-/ansvarsområde, der fylkesmannen eller andre eksterne organ er klageinstans, skal leggst fram for utvalet før eventuell vidareending til klageinstansen.

Avgjere klager på enkeltvedtak i klientsaker gjort av administrasjonen i medhald av lov om sosiale tenester og andre lover og forskrifter med vidare. innanfor utvalet sitt saks-/ansvarsområde, og som ikkje skal avgjerast av eksterne klageorgan.

### **5.3.3 Likestillingsutval**

Likestillingsutvalet skal gje fråsegn til og vere rådgjevande organ for kommunen i saker som har betydning for likestillingsspørsmål, jfr “Lov om likestilling mellom kjønnene”.

### **5.3.4 Kommunikasjons/trafikknemnd**

Oppgåver m.a. å handsame og gje uttale i saker etter veglova, vegtrafikklova, lov om hamner og farvatn.

### **5.3.5 Næringsstyre/ fondsutval.**

Har det overordna samordningsansvar for å utnytte kommunen sitt samla tiltaksapparat på tvers av fagområda og skal:

- Utarbeide planar for kommunen sin nærings -og sysselsetjingspolitikk, og er tillagt ansvar for å gjennomføre tiltak innanfor rammer fastsett av kommunestyret.
- Handsame nærings saker som er prisipielle og derfor ikkje er delegert til rådmann eller andre.
- Tildelingsmynde for næringsfondet.
- Forvalte alle tilskott fastsatt i jordbruksavtalen.
- Handtere midlar frå ”Innovasjon Norge”, og andre offentlege ordningar.
- Kommunale tiltak
- Handsame andre nærings saker

**Saker/saksområde som formannskapet sjølv skal avgjere, ligg i vedlegg 1.**

## **6.0 Ordføreren sitt saksområde**

Ansvar og mynde i medhald av kommunelova § 9:

Ordføreren er ansvarleg for at sakene som skal til politisk handsaming vert fordelt og handsama i kompetent organ.

Ordføreren er bindeledd mellom kommunen og næringslivet og avgjer tiltakssaker som ikkje er prinsipielle.

Mynde til å krevje offentleg påtale.

## **7.0 Rådmannen sitt saksområde**

### **7.1 Innleiing**

I medhald av § 23 nr. 4, jfr. § 24 nr. 1, i kommunelova delegerer kommunestyret til rådmannen å fatte vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er å sjå på som prinsipielle, og som kommunestyret ikkje sjølv skal avgjere eller har vedteke å delegere til andre organ.

### **7.2 Arbeidsmiljøutval**

Ansvars- og saksområde går fram av Hovudavtalen §14 og arbeidsmiljøloven § 7 med tilhøyrande forskrifter.

### **7.3 Saker og saksområde**

#### **7.3.1 Delegering i personalsaker**

1. Tilsettingsmynde gjennom tilsettingsutvalet.

Tilsettingsutvalet for tilsetting av rådmannen si leiargruppe består av leiar partsamansett, rådmannen, og hovudtillitsvald.

Tilsettingsutval for tilsetting av verksemdsleiarar består av rådmannen, rådgjevar personal og hovudtillitsvald.

Tilsettingsutvalet for alle andre stillingar består av rådmannen eller den han gir mynde, verksemdsleiar og hovudtillitsvald.

2. Rådmannen tilset i vikariat og andre midlertidige stillingar det er stillingsheimel for.
3. Opprette/nedlegge stillingar i følgjande samanhengar innanfor same budsjettområde - jfr. § 24 kommunelova:
  - I samband med attføringssaker eller andre personalsaker der tilsette bør få andre arbeidsoppgåver.
  - I samband med omgjering av ei type stilling til ei anna type stilling innanfor eksisterande tenester.

Det vert teke atterhald om at endringane ikkje er/ kjem i konflikt med mål og prioriteringar i økonomiplan eller andre politiske vedtak
4. Vedtak om permisjonar med og utan løn i medhald av kommunalt reglement, lover, forskrifter og tariff-/hovudavtalar.
5. Fastsette og forhandle løn til tilsette, med unntak av rådmannsteamet.
6. Fastsetje instruksar for stillingar med administrativ tilsetjing.

7. Gjennomføre drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane i medhald av konkrete heimlar i lov og avtaleverk.
8. Vedtak i andre enkeltsaker av personalmessig-/administrativ karakter som ikkje er prinsipielle, og som ligg innanfor vedtekne reglar/retningslinjer og økonomiske rammer i årsbudsjett/økonomiplan.

### **7.3.2 Delegering i andre saker**

1. Tildele ledige kommunale bustad- og industritomter når kommunestyret har fastsett pris og andre vilkår for slike tildelingar.
2. Møte på kommunen sine vegner ved kart- og delingsforretningar.
3. Tildele støtte til dei politiske partia i medhald av sentralt fastsette reglar og forskrifter.
4. Fordele støtte til trdomssamfunn i medhald av lov og gjeldande retningslinjer med vidare.
5. Vedtak om utleige av kommunale bustader/husvære o.l., og å inngå avtalar/kontrakter om dette.
6. Fordele kommunale midlar til vaksenopplæringstiltak i organisasjonane etter nærare fastsette retningslinjer.
7. Fordele kulturmidlar til lag/foreiningar med vidare med inntil kr 5 000,-.
8. Fordele kulturmidlar til lag / foreiningar etter nærare fastsette retningslinjer.
9. Yte sosiale tenester, økonomisk stønad og andre tiltak i kurante saker i medhald av sosialtenestelova og kommune helsetenestelova med eventuelle forskrifter og etter eventuelt nærare fastsette retningslinjer.
10. Avgjere erstatning for skade på ting og eigedom der kommunen har skuld i skaden, avgrensa til kr 20.000,- pr. skade.
11. Tildele tilskot frå næringsfondet etter gjeldande vedtekter/retningslinjer i næringsfondet.
12. Inngå rammeavtalar for kjøp av varer og tenester.
13. Inngå kontraktar for bygge- og anleggsarbeid.
14. Gje fråsegn til søknader om bygdeutviklingsmidlar og ev. andre offentlege midlar.
15. Gjennomføre byggeprosjekt i samsvar med mandat gitt av kommunestyret for kvart enkelt prosjekt, unntatt er byggeprosjekt i regi av eigedomsselskapet.

16. Rådmannen forhandlar i alle saker vedrørende, erverv, avhending, makeskifte med vidare av fast eigedom, og gir innstilling til formannskapet.

### **7.3.3 Delegering etter tenesteområder**

Her følgjer ein oversikt over tenesteområda der rådmannen kan fatte vedtak i kurante saker, det vert også vist til dei viktigaste lovene og forskriftene som vedtaka blir tufta på.

#### **Helse, omsorg og sosial**

- Allmennlege- og legevaktteneste.
- Fysioterapi- og ergoterapiteneste.
- Medisinsk attføring.
- Miljøretta helsevern.
- Helsestasjonsteneste.
- Skulehelseteneste.
- Heimesjukepleie- og heimehjelpeteneste.
- Sjukeheim og buform for heildøgns omsorg og pleie.
- Avlastningstiltak.
- Sosialhjelpeteneste.
- Barnevernsteneste.
- Edruskapsvern.

Vedtaka blir i hovudsak fatta etter følgjande lover og forskrifter

- Lov om sosiale tenester av (1991-12-13-81).
- Tobakkskadelova (1973-03-09-14).
- Lov om barnevernstenester (1992-07-17-100).
- Lov om helsetenesta i kommunane av (1982-11-19-66).
- Lov om pasientrettigheter (1999-07-02-63).
- Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk med vidare. (1989-06-02-27).
- Straffelova (1902-05-22-10).
- Lov om psykisk helsevern (1999-0702-62).
- Lov om serveringsvirksomhet/ serveringsloven (1997-06-13-55).
- Lov om vern mot smittsame sjukdomar (1994-05-05-55).
- Spesialhelselova (1999-07-02-61).
- Lov om helsemessig og sosial beredskap (2000-06-23-56).
- Likbehandlingslova (1898-06-04).
- Lov om Helsepersonell (1999-02-07-64).
- Pasientskadeloven (2001-06-14-53).
- Lov om tannhelseteneste (1983-06-03-54).

#### **Grunnskulen, barnehagar, kultur**

- Grunnskulen.
- PP-teneste.
- Barnehagar.
- Vaksenopplæring.
- Førskule.
- Kulturskule.
- Skulefritidsordning.

- Idretts- og ungdomsarbeid.
- Støtte- og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Samarbeid med kyrkje og menigheit.
- Bibliotektenesta.
- Andre kulturaktivitetar.

Vedtaka blir i hovudsak fatta etter følgjande lover og forskrifter

- Opplæringslova (1998-07-17-61).
- Lov om folkebibliotek (1985-12-20-108).
- Lov om stadnamn (1990-05-18-11).
- Lov om film og videogram av (1987-05-15-21).
- Lov om barnehagar/ barnehagelova (2005-06-17-64).
- Kulturminnelova (1978-06-09-50).
- Friluftslova (1957-06-28-16).

#### **Teknisk drift**

- Utbygging, drift og vedlikehald av veg, vatn og avløp.
- Utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg og bustader.
- Utbygging, drift og vedlikehald av kommunale grøntanlegg.
- Brannvern, feiing og renovasjon.
- Oljevern, Norddal er medlem i interkommunalt beredskapssamarbeid.
- Vedtak i byggjesaker.

Vedtaka blir i hovudsak fatta etter følgjande lover og forskrifter

- Plan- og bygningslova (2008-06-27-71).
- Matrikkellova (2005-06-17-101).
- Brann og eksplosjonsvernlova (2002-06-14-20).
- Forureiningslova (1981-03-13-6), vedk oljevern/-skader.
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (1977-06-10-82).

#### **7.3.4 Delegererte fullmakter frå kommunestyret**

1. Granellova (1961-06-16-15):  
- Fullmakt til å opptre på vegne av kommunen i nabotilhøve.
2. Veglova (1963-06-21-23):  
- Fullmakt til å opptre som kommunal vegstyresmakt i kurante saker (§ 9).
3. Vegtrafikklova (1965-06-18-4).  
Fastsette fartsgrenser på det kommunale vegnettet i samsvar med lov og regelverk.
4. Forureiningslova (1981-03-13-7)  
«Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan forureiningsmyndigheita krevje at eigar av tilknytte stikkledning foretar tilsvarande omlegging eller utbetring. Også elles kan forureiningsmyndigheita krevje omlegging eller utbetring av stikkledning, når særlege grunner tilseier det» (§ 22, 2.ledd).

«Plikt til å knyte seg til eksisterande avløp» (§ 23).

«Blir sanitært avløpsvann ledet gjennom slamavskiljar til reinseanlegg, kan forureiningsmyndigheita krevje slamavskiljaren utkopla» (§ 26, siste ledd).

Fullmakt til og gje pålegg til gjennomføring av lovpålagt avfallshandtering i samband med utsalsstadar, turistanlegg, utfartsstader o.l. (§ 35, siste ledd).

Fullmakt til å gje pålegg om opprydding i avfall o.l. eller betale for opprydding (§ 37).

Tilsynsmynde i samsvar med forureiningsforskrifta (2004-06-01-931).

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (2004-06-01-930).  
Plikt å legge til rette for mottak og sortering (§ 1).

5. Brann og eksplosjonsloven (2002-06-14-20), med forskrifter  
Føre tilsyn i samsvar med § 32  
Gje løyve til oppbevaring og sal av fyrverkeri klasse 2, 3 og 4 (FOR 2002-06-26-847)
6. Plan- og bygningslova (2008-06-27-71).  
Dispensasjon (§ 19).  
Krav til innhald og behandling av søknadar (§ 21).  
Krav om vassforsyning (§ 27-1).  
Krav om opparbeiding av framkomst/ veg (§ 27-4).  
Krav til byggetomta og ubebygde areal (§ 28).  
Ulovlighetsoppfølging (§ 32 ).  
Krav til tiltaket (§ 29).  
Krav til særskilte tiltak (§ 30).  
Krav til eksisterande byggverk (§ 31).
7. Matrikkellova (2005-06-17-101).  
Sikre tilgang til viktige eigedomsopplýsningar, og at grenser og eigedomsforhold blir klarlagde.  
Oppmålingsmynde.
8. Opplæringslova (1998-07-17-61):  
Rådmannen etablerer og driv eit forsvarleg system for kvalitetsvurdering av verksemdene i samsvar med opplæringslova § 13.10. Systemet sikrar at krava i lova og forskriftene til lova blir oppfylte.
9. Barnehagelova (2005-06-17-64).  
Tilby plass i barnehage (§ 8)  
Godkjenning av barnehagar (§ 10).  
Godkjenning av familiebarnehagar (§ 11).  
Legge til rette for samordna opptak (§ 12).  
Utøve tilsyn med barnehagedrift og gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege høve (§ 16).  
Gje dispensasjon frå utdanningskrava ved mellombels tilsetjing av styrar og avdelingsleiar i barnehage (§ 18)

10. Lov om helsetenesta i kommunen (1982-11-19-66).  
Fullmakt til å ivareta kommunen sine plikter etter § 4a-1 (Miljøretta helsevern) omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa. Disse omfattar bl.a. biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar - § 4a-1), jf. § 1-2.
- Godkjenning av verksemd som etter sitt innhald kan ha innverknad på helsa, eller endringar i slik verksemd - herunder stille vilkår for slik godkjenning (4a-4, 1. - 3.ledd).  
Fullmakt til å krevje konsekvensutgreiing før godkjenning før iverksetjing av eit tiltak ( § 4a-5).
- Gje pålegg om opplysningsplikt (4a-69).
- Krevje gransking av eigedom eller verksemd (4a-7).
- «...pålegge forhold ved ein eigedom eller verksemd i kommunen retta dersom forholdet direkte eller indirekte kan ha negativ innverknad på helsa, eller der er i strid med bestemmelsar gitt i medhold av dette kapittel.» (§ 4a-8)
- Fullmakt til å gjere vedtak om heimesjukepleie, heimhjelp og plass i institusjon etter § 2-1.
- Fullmakt til å gjere vedtak om vederlag for tenester etter lov eller forskrift etter § 2-3.
11. Smittevernlova (1994-08-05-55).  
Fullmakt til å gjere vedtak om ( § 4-1, 1.ledd).  
Forbod mot møte og samankomster eller påbod om andre avgrensingar i den sosiale omgangen overalt der menneske er samla.
- Stenging av verksemder som samlar fleire menneske, f. eks. Barnehagar, skular, symjehallar, flyplassar, butikkar, hotel eller andre verksemder og arbeidsplassar eller avgrensingar i aktivitetar der.
- Stans i avgrensinga i kommunikasjonar  
Isolering av personar i geografisk avgrensa område eller andre avgrensingar i rørslefridommen deira i opptil sju dagar om gongen.
- Pålegg til private eller offentlege om reingjering, desinfeksjon eller destruksjon av gjenstandar eller lokale. Pålegget kan også gå ut på avliving av selskapsdyr, utrydding av rotter og andre skadedyr, avlusing eller anna smittesaning.
- Fullmakt til å gjennomføre vedtak etter pkt. 1 ovanfor ( § 4-1, 3. ledd)
- Tiltak på andre sin eigedom ( § 4-1, 4.ledd)
- Vedta forholdsreglar ved gravferder ( §! 4-6, 1.ledd)
12. Lov om psykisk helsevern (1999-07-06-62).

Sikre at etablering og gjennomføring av psykisk helsevern skjer på en forsvarlig måte og i samsvar med grunnleggjande rettssikkerheitsprinsipp, vidare sikre at tiltaka som er beskrivne i lova, tar utgangspunkt i pasientens behov og respekten for menneskeverdet.

13. Konesjonslova (2003-11-28-98), Odelslova (1974-06-28-58) og jordlova (1995-12-05-23).  
Utarbeide saksdokument til formannskapet.
14. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (1977-06-10-82).  
Fullmakt til å avgjere kurante saker (§5).  
Fullmakt til å gje løyve til motorferdsel i utmark når særlege grunnar føreligg ( § 6).
15. Skogbrukslova (2005-05-27-31)  
Forskrift om skogavgift for 2005 (2005-01-04-1).  
Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål (1996-12-20-1200).  
Forskrift om skogfrø og skogplanter (1996-03-01-291).
16. Viltlova (1981-05-29-38)  
Fullmakt til å gje løyve om felling av hjortevilt og bever som gjer skade (§ 13).  
Fullmakt til å gje løyve til felling av andre viltartar (§ 14)
17. Alkohollova av (1989-06-02-27).  
Fullmakt til å gjere vedtak i saker som omhandlar serveringsløyve.  
  
Godkjenne utvida/anna skjenkestad for eitt einskild høve ( § 4-2, 3.ledd).  
  
Gjere vedtak i saker som gjeld unntak frå tidsavgrensingane for skjenking ved einskilde høve ( § 4-4, 2.ledd).  
  
Ambulerande løyve (vert avgjort av kommunestyret for kvar løyveperiode) ( §4-5).
18. Husbankloven (2009-05-29-30)  
Avgjere søknader i samsvar med loven.
19. Straffelova (1902-05-22-10)  
Reise krav om påtale med heimel i § 79, 5. ledd i straffelova i saker som gjeld innbrot/hærverk på kommunens eigedomar og andre brotsverk o.l. i tilfelle der omsynet til ein rask etterforsking krev rask påtale.
20. Lov om barnevernstenester (1992-07-17-100).  
Sett ut til interkommunalt selskap  
Kommunens oppgåver etter lova § 2-1 vert delegert til administrasjonen.
21. Lov om sosiale tenester (1991-12-13-81).  
Kommunen sitt ansvar etter lova vert delegert til administrasjonen når det gjeld individretta saker. Delegeringa gjeld ikkje generelle rammevilkår og fastlegging av nivå på tenester/ytingar.

### **7.3.5 Delegering av mynde direkte til kommunelege 1**

1. Lov om helsetenesta (1982-11-19-66), hastesaker.
2. Smittevernlova av (1994-08-05-55), (hastesaker)

### **7.3.7 Delegering av mynde direkte til brannsjef**

1. Gjere mål etter lov om brann og eksplosjonsvernloven (2002-06-14-20).
2. Kommunen sin avgjørelsesmyndighet etter ovannemnde lov blir i saker av prinsipiell betydning, delegert til brannsjefen så langt det kan delegerast etter lov og forskrifter.

## Lovpålagt handsaming

### 1. Saker som skal handsamast av kommunestyret

#### 1.1 kommunelova

- § 7 nr. 3 Endring av kommunestyret sitt medlemstal
- § 8 nr. 1 Val av formannskap
- § 9 nr. 1 Val av ordførar og varaordførar når andre reglar ikkje gjeld
- § 10 nr. 1-3 Opprette faste utval, fastsetje arbeids- og myndeområde for desse (v/reglement), samt velje medlemmer, varamedlemar og leiar/nestleiar
- § 11 nr. 1 Opprette særskilt styre for kommunal bedrift, institusjon e.l.
- § 12 nr. 1-3 Avgjerder om kommunedelsutval
- § 13 Overføre mynde i hastesaker
- § 18 nr. 1 og 3 Innføring og oppheving – parlamentarisme
- § 19 nr. 1 og 3 Innføring og val av kommuneråd
- § 22 nr. 2 Tilsetjing av rådmann
- § 24 nr. 2 Vedtak om åremålstilsetjing i leiande administrative stillingar
- § 25 nr. 2 Val av politiske medlemmar og leiar/nestleiar i partssamansette utval
- § 26 nr. 4 Retningsliner for møterett for tilsette sine representantar
- § 28 Overdraging av tariffmynde
- § 31 nr. 4 og 5 Vedtak om møte «for lukka dører»
- § 39 nr. 1 Reglar (i form av reglement) for sakshandsaminga i folkevalde organ
- § 41 Reglar for dekning av utgifter og økonomisk tap
- § 42 Vedtak om arbeidsgodtgjering
- § 43 Vedtak om pensjonsordning for folkevalde
- § 44 Vedta økonomiplan og endringar i denne
- § 45 Vedta årsbudsjett og vesentlege endringar i rammene for dette
- § 48 Vedta årsrekneskap og årsberetning
- § 77 Val av kontrollutval
- § 78 Val av revisor

#### 1.2 Forvaltningslova (1967-02-10):

- § 28, 2.ledd Vedtak om klageorgan og val av medlemmer/varamedlemar i dette organet.

#### 1.3 Skattelova (1999-03-26-14)

Vedtaket om skattesatsar for formue og inntekt, vedtaket må gjerast seinast 1. november før inntektsåret (§15-3).

#### 1.4 Plan- og bygningslova (2008-06-27-71)

- § 3.3 Leie den kommunale planlegginga, og sørgje for ivaretaking av barn og unges interesser.
- §10-1 Utarbeide og vedta kommunal planstrategi en gang kvar valperiode, seinast eit år etter konstituering.
- § 11-10 Muligheit til å fastlegge lokale vedtekter
- § 11-11 Muligheit til å fastlegge lokale vedtekter
- §11-13 Fastsetting av planprogram.
- §11-15 Vedta kommuneplan
- § 12- 1 Sørgje for at det blir utarbeidd reguleringsplan for dei områda i kommunen der dette følgjer av lov eller av kommuneplanens arealdel.

- § 12-12 Vedta reguleringsplanar, kan delegere mindre reguleringsplanar og mindre justeringar i samsvar med § 12-12 og § 12-14
- § 16-2 Ekspropriasjon for gjennomføring av reguleringsplan innan 10 år etter vedtak.
- § 16-3 Ekspropriasjon utan reguleringsplan berre med samtykke frå departementet.
- § 33-1 Gi forskrift om gebyr til kommunen for behandling av søknad om tillating, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre, herunder behandling av private planforslag. Dog skal dette være til sjølvkost

**1.5 Andre særlovssaker som skal avgjerast av kommunestyret:**

1. Alkoholova (1989-06-02-27):  
Fastlegging av tal på vinmonopolutsal (§ 3-3), Tildeling av sals- og skjenkeløyve (§ 1-7), Fastsetje løyveavgifter § 6.1 (forskrift 2009-12-17-1658).
2. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (1977-06-10-82):  
Evt. kommunal forskrift (§ 5)
3. Lov om Den norske kyrkja si ordning (1996-06-07-31):  
Val av kommunalt medlem til fellesråd (§12)
4. Lov om eigedomsskatt (1975-06-06-29)  
Vedta utskriving og skattesatsar for eigedomsskatt (§ 2, § 10).
5. Brann og eksplosjonsvernlova (2002-06-14-20)  
Fastsetje feieavgift (§ 28).
6. Lov om oreigning/ ekspropriasjon (1959-10-23-3)  
Gjer muligheit for ekspropriasjon i gitte tilfeller (§ 2).
7. Lov om kommunalt og fylkeskommunal eldreråd (1991-11-08-76):  
Val og samansetjing av kommunalt eldreråd i samsvar med § 2.
8. Skjønnsprosessloven (1917-06-01-1)  
Forslag til skjønnsmenn (§14)
9. Industrikonsesjonslova (1917-12-14-16)  
Nytting av konsesjonskraftmidlar (§ 2 nr 13, 6.ledd).
10. Vassdragsreguleringslova (1917-12-14-17)  
Uttale om regulerings søknad, § 4 nr 1,2.ledd
11. Valloven (2002-06-28-57)  
Oppnemne valstyre som oppnemner stemmestyrer for kvar valkrins.

## **2. Saker som skal handsamast av Formannskapet**

### ***Kommunelova***

§ 8, nr. 3 Behandle forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak

## 9.0 Økonomireglar og delegasjonsmynde i budsjettsaker

### 9.1 Innleiing

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.92 med tilhøyrande forskrifter av desember 2000 er prega av at staten oppfordrar kommunane til å drive mål- og rammestyling. Stortinget vedtok endringar i kommunelova i juni 2000 og Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har med bakgrunn i lovendingane fastsett følgjande nye forskrifter innan økonomiområdet:

- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale årsbudsjett, jf. kommunelova § 46 nr. 8.
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale årsrekneskap og årsberetning, jf. kommunelova § 48 nr. 6.
- Forskrift om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar, jf. kommunelova § 49 nr. 2.
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar, jf. kommunelova § 51 nr. 3
- Forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning, jf. kommunelova § 52 nr. 2.

Dei nye reglane er meir rammeprega enn dei førre og det er difor naudsynt å fastsetje ytterlegare reglar på økonomiområdet i eit eige økonomireglement.

### 9.2 Målsetting

Målsettinga med reglementet er å sikre ei effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning i kommunen, samt gje dei folkevalde organa eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag.

### 9.3 Årsbudsjett og økonomiplan

Føremål:

Formålet med utarbeiding av årsbudsjett og økonomiplan er å realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak samt føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Sjølv budsjettarbeidet vil også avdekke ressursituasjonen og gi nyttig informasjon om økonomisk verknad om framleis drift på dagens nivå

Bruksområde:

I samsvar med kommunelova sin § 44 skal kommunestyret ein gong i året vedta ein rullerande økonomiplan. Denne planen skal innehalde all verksemd som vert omfatta av kommunen som juridisk person. Økonomiplanen skal leggjast til grunn ved kommunen sitt budsjettarbeid (økonomi, aktivitet og tenesteproduksjon). Handlingsplanar og kommunedelplanar utgjer berejlkane i økonomiplanlegginga. Bruk og prioritering av midlar skal innarbeidast i planen,

jf. kommunelova sin § 44, nr. 5. Økonomiplan og årsbudsjett skal danne grunnlag for den kommunale økonomistyringa og aktiviteten.

Ansvar:

Formannskapet er ansvarleg for at det vert utarbeidd ein heilskapleg økonomiplan/eit heilskapleg årsbudsjett samt legge fram ei innstilling for kommunestyret i økonomiplan- og årsbudsjettsaker.

(jf. kommunelova § 45, nr. 2-4)

Formannskapet skal utarbeide sine forslag til årsbudsjettet på hovudansvarsnivå. Med grunnlag i rådmannen sitt framlegg, skal det knytast kommentarar til løyvingane, kalla handlingsplan, i form av spesifiserte mål og premissar på dei områda dette vert vurdert som naudsynt for å klargjere kva ein vil oppnå med løyvinga.

Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet på rammeområda i samsvar med obligatorisk oppstilling, jf. budsjettforskriftene, vedlegg 1a, 2 og 4.

I samsvar med kommunelova § 44 skal økonomiplanen omfatte heile kommunen si verksemd, vere realistisk og setjast opp på ein oversiktleg måte. Kommunestyret vedtek sjølv korleis økonomiplanen skal framstillast. Økonomiplanen skal vedtakast på netto rammeområde på lik linje med budsjettet.

## **9.4. Kompetanse, delegasjon**

### **9.4.1 Kommunestyret**

Drift

Kommunestyret skal fatte vedtak i årsbudsjettsaka iht kommunelova § 45 og budsjettforskrifta § 4. Kommunestyret skal sjølv vedta eit budsjett sett opp i samsvar med budsjettskjema 1a og 2. Nettoløyving per rammeområde skal framgå av budsjettvedtaket og rammeområdet, og skal, gjennom handlingsplanen, gi mål og premissar for tildelinga, jf. kommunelova § 45 nr. 4.

Kommunestyret må sjølv foreta endringar i dei delane som høyrer inn under:

sum frie disponible inntekter

finansutgifter netto

avsetjingar netto

lån til finansiering av utgifter ført opp i investeringsbudsjettet, jf. budsjettskjema 1a.

Investering

Kommunestyret skal vedta investeringsbudsjettet si inntektsside og fordele ramma på dei enkelte prosjekta, jf. budsjettskjema 4.

Kommunestyret sjølv skal foreta endringar i investeringsbudsjettet på same nivå som dette vart vedteke på budsjettstadiet, jf. budsjettskjema

## 9.4.2 Formannskapet

- Formannskapet vert gitt fullmakt i driftsbudsjettet til å fordele kommunestyret si nettoramme på dei ulike ansvarsområda innanfor rammeområda (hovudansvar 1 til og med 6).
- Formannskapet vert gitt fullmakt til å disponere meirinntekter, eksklusive refusjonar/kompensasjon, på inntil kr 50 000 på det enkelte hovudansvarsområdet innanfor sitt rammeområde.
- Formannskapet skal budsjettjustere innanfor sitt rammeområde når nettoutgiftene vert overskridne eller ved svikt-/meirinntekter innanfor eitt eller fleire ansvar. Budsjettbalanse kan sikrast gjennom omdisponering/overføring av ressursar mellom tenesteområda(ansvar) som formannskapet har ansvaret for.(døme: overføre midlar frå hovudansvar 1 til hovudansvar 4)
- Formannskapet er gitt fullmakt til å foreta endringar i investeringsbudsjettet innanfor sitt rammeområde når slik endring gjeld auke i løyving til eit prosjekt og dekning skjer ved at løyving til eit anna prosjekt innan same rammeområde vert redusert tilsvarande. Beløpsgrense for slik omprioritering er kr 50 000,-.
- For øymerka statstilskot er fullmakta avgrensa til statstilskotet dersom det ikkje finst kommunal løyving på området frå før. Føreligg det kommunal løyving på området, vurderer formannskapet om statstilskotet skal kome i tillegg til den kommunale løyvinga eller erstatte denne.
- Sak om eventuell tilleggsløyving må til kommunestyret. Sak skal først fremmast når det ikkje er mogleg for omdisponering innan sitt eiga rammeområde( hovudansvar 1 til og med 6).

## 9.4.4. Rådmannen:

Rådmannen har tilvisingsretten for heile kommunen sitt drifts- og kapitalbudsjett.

Rådmannen skal ha oversikt over kommunen sin økonomiske stilling og likviditet. Der er rådmannen sitt ansvar å orientere folkevalde organ om disponering av dei ulike løyvingane og syte for at desse ikkje blir overskridne. Rådmannen skal syte for at evt. framlegg om tilleggsløyvingar og nye løyvingar blir lagt fram i tide.

Rådmannen får fullmakt til å:

- Rådmannen gis fullmakt til å overføre beløp i driftsbudsjettet for det einsskilte ansvarsområde innanfor artsgruppe 1010-1799 så lenge netto ramme ikkje vert overskriden.
- å sjå under eitt utgiftspostar for lønn og inntektspostar for refundert

sjukelønn og andre refusjonar/kompensasjon og justere budsjettet innanfor det einskilde ansvarsområde i samsvar med dette.

- å auke ein utgiftspost innanfor drifts- og kapitalbudsjettet dersom det skjer ved bruk av ei tidlegare avsetjing til fond til vedkomande formål.
- fullmakt til å gje kommunale tilskot til særskilde tiltak innanfor dei rammene som formannskapet til ei kvar tid fastset.
- å vidaredelegere budsjettmynde til andre.
- Refinansiere kommunale lån, og til å ta opp lån i samsvar med det vedtekne budsjettet

#### **9.4.5. Generelle reglar for utøving av delegert budsjettmynde:**

Fullmakta gjeld ikkje omdisponeringar som er i strid med føresetnadene som er lagt til grunn i kommunestyret sitt budsjettvedtak.

Fullmaktene er avgrensa til at disposisjonane ikkje bind kommunen opp for framtidige budsjett, og heller ikkje legg føringar på avgjerder som skal takast av andre organ.

Avgjerd om ei disponering er av prinsipiell betyding, skal gjerast av rådmann og ordførar.

Alle budsjettendringar gjort i medhald av delegert budsjettmynde skal meldast kommunekasserar på eige skjema med kopi til rådmann og revisor straks vedtaket er gjort. Innan 10 dagar etter at særutskrift er motteken av vedtak etter dette reglementet kan rådmannen krevje vedtaket lagt fram for overordna organ til godkjenning. Om rådmannen gjer seg nytte av denne retten så kan vedtaket ikkje setjast i verk før det er stadfesta eller oppheva av det organet som skal handsame saka.

Gjennom faste rapporteringsrutinar, og minimum 3 gongar i året, skal folkevalde organ orienterast om bruken av det delegerte budsjettmynde. Dette skal gjerast som ein del av den faste tertial- og årsrapporteringa.